



Fortun bensinstasjon  
Lustravegen 4851  
6877 Fortun

Sakshandsamar::  
Gøsta Hagenlund

## Inspeksjonsrapport

### Inspeksjon ved Fortun bensinstasjon

#### Kontrollnummer: 2019.064.I.FMVL

#### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå verksemda:*  
Else Steig

*Frå Fylkesmannen i Vestland:*  
Gøsta Hagenlund

*Andre deltagere frå verksemda:*  
Terje Weka

*Andre deltagere frå Fylkesmannen i Vestland:*  
Ingrid Torsnes

#### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Fortun bensinstasjon den 6. mai 2019. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland avdekkja 2 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen.

#### Avvik:

- Verksemda følgjer ikkje opp alle vilkår i utsleppsløyvet
- Alt farleg avfall vert ikkje samla opp eller rett lagra før vidarelevering

#### Merknader:

- Område med fast dekke bør utvidast

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

#### Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

16.5.2019  
dato

Gøsta Hagenlund  
kontrollør

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Fylkesmannen i Vestland

Kopi av rapporten skal sendast til:

- Luster kommune

## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> Fortun bensinstasjon	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 960 552 059	<b>Eigd av:</b> 972 215 627

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Fortun bensinstasjon	<b>Anleggsnr.:</b>
<b>Kommune:</b> Luster	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Løyve gitt:</b> 6.3.2018	<b>Sist endra:</b> -

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

### Inspeksjonstema

- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Avfall
- Kjemikal

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

## 3. Oppfølging etter inspeksjonen

Fortun bensinstasjon pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at de **innan 1.9.2019** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta kva tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpst@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Hagenlund.

#### **4. Vedtak om gebyr**

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 25. april 2019. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Fortun bensinstasjon betale eit gebyr på **kr 6 600,-** for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 5 for tilsyn av inntil en dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

#### **Klagerett**

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

#### **5. Innsyn**

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

#### **6. Avvik**

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

##### **Avvik 1**

Verksemda følgjer ikkje opp alle vilkår i utslepsløyvet

##### **Avvik frå:**

Utslepsløyvet datert 6.3.2018, vilkår 1 og 9

**Kommentarar:**

Avviket er grunna på to observasjonar:

**1.** Det er lagra noko for mange bilvrak

Ramma for verksemda gjeld maksimalt årleg mottak på 60 bilar og maksimalt samtidig lagra ferdig sanerte bilar 60 stykk. Det er lagra noko for mange bilar på området etter verksemda sin eigen teljing.

**2.** Årsrapport for driftsåret 2018 er ikkje sendt inn

Løyvet vilkår 9 krev årleg rapportering til Fylkesmannen om minst dei nemnde tema. Rapportering for 2018 er ikkje sendt inn.

Fylkesmannen har forståing for at verksemda har venta på "særskilt skjema utforma av Fylkesmannen" som det står i siste avsnitt i vilkår 9. Slikt skjema er ikkje sendt ut av Fylkesmannen for denne verksemda.

Verksemda skulle ha sendt inn opplysningane som er kravd i vilkår 9, eller spurt Fylkesmannen om å få tilsendt slikt skjema. På eige initiativ har verksemda leita opp eit tilsvarande skjema frå annan Fylkesmann og spurte på kontrolldagen om dette kunne nyttast.

**Rettleiing**

Skjema for årsrapportering på bilvrakaktiviteten vert til vanleg no gjort via Autostat. Tidlegare skjema frå Fylkesmannen vert i liten grad nytta lenger andre stader. Denne verksemda er ikkje knytt til Autostat, og jamvel om dei sanerer nokre bilar, vert dei fleste levert til anna bilvrakmottak for sanering eller utskriving av vrakpant. Skjema for vanleg bilvrakmottak passar lite for verksemda.

Fylkesmannen meiner etter dette at rapportering på særskilt skjema ikkje er nødvendig. Vi ber verksemda sende inn ei kortfatta oversikt over tema som er nemnd i kulepunkta i vilkår 9 i utsleppsløyvet.

**Avvik 2**

Alt farleg avfall vert ikkje samla opp eller rett lagra før vidarelevering

**Avvik frå:**

Avfallsforskrifta § 11-5 (oppbevaring) og § 11-8 (leveringsplikt)

**Kommentarar:**

I samsvar med § 11-8 i avfallsforskrifta skal alle farlege avfallstypar som oppstår med meir enn 1 kg per år, lagrast for seg i forsvarleg emballasje, vere tydeleg merkt og skal leverast minst ein gong per år til godkjent mottakar.

I databasen avfallsdeklarering.no går det fram at alle typar farleg avfall (som det vert generert meir enn 1 kg årleg av) ikkje er levert til godkjent avfallsmottakar årleg.

Nokre typar farleg avfall var ikkje forsvarleg oppbevart eller levert som farleg avfall. Det vart observert noko oljeforureina masse på verkstadgolvet. Det var ikkje laga til emballasje for oljeforureina masse (avfallsstoffnummer 7022), og slikt avfall vart levert saman med anna avfall.

### **Rettleiing**

Tilsynsteamet leverte ei liste med nokre fleire sannsynlege farleg avfalls typar enn dei som gjekk fram av oversikta frå avfallsdeklarering.no. Med unntak av oljeforureina masse, vart det ikkje direkte observert slike typar avfall på inspeksjonsdagen. Verksemda må vurdere og ha klar forsvarleg emballasje og merking for eventuelle andre typar farleg avfall som kan oppstå i verksemda i eit normalt driftsår.

## **7. Merknader**

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

### **Merknad 1**

Område med fast dekke bør utvidast

#### **Kommentarar:**

Anlegget er planlagt utvida. Området framstår framleis som noko rotete, med bilvrak på fleire område oppover i terrenget. Verksemda sine planar om utviding over vegen ser førebels ikkje ut til å verte realisert. Ei slik utviding vil krevje endring av utsleppsløynet for å kunne omfatte nytt areal (nytt gards- og bruksnummer).

Verksemda har konkrete planar om terrengregulering og etablering av større område med fast dekke. Vi ber om orientering når arbeidet er starta opp.

## **8. Andre tilhøve**

### **Forureina grunn**

Vi viser til orientering om forureina grunn systemet. På grunn av generelle aktivitetar med bilverkstad, drivstofflagring og -distribuering, lagring av bilvrak og sanering av kasserte køyretøy, må området registrerast i databasen Grunnforurensning. Heile gbnr. 13/6 er etter dette registrert i databasen.

Etter synfaringa på område det er lagra kasserte køyretøy (ferdig sanerte) er det klart at også delar av gbnr. 13/6 må registrerast.

De kan no gå inn på <https://grunnforurensning.miljodirektoratet.no/> og sjå kva som er registrert. Vi ber om at de tar kontakt med oss dersom de finn feil eller har andre spørsmål i samband med registreringane.

Dersom de meiner at det også på andre område kan ha vore tilføring av metall eller organiske stoff til grunnen, ber vi om melding.



## 9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Utskrift frå databasen avfallsdeklarering.no, med opplisting av moglege farlege avfallstypar som kan oppstå ved verksemda